

Årsmelding 2004

55

datamaskiner er skifta ut i banken dei siste 2 åra.
Desse har fått eit «nytt liv» i skulane blant ivrige elevar.

1.000.000

kroner har banken gjeve i støtte/sponsing
til organisasjonar og lag i 2004.

1.800

store og små var innom Sikkerhetsdagen 2004
på Torpomoen Rednings og Øvingspark.



Foto: Thorgeir Reer

Innhald

	Side		Side		
Eit viktig år for banken	3	Note 4	Varige driftsmidlar – avskrivningar	24	
Banken som økonomisk bidragsytar	4	Note 5	Garantiar og andre betinga forpliktingar	24	
Styret si årsmelding	5	Note 6	Prinsipp for periodisering av provisjon, gebyr m.v.	25	
Banken som sponsor	10	Note 7	Andre driftskostnader	25	
Banken som økonomisk samarbeidspartnar	11	Note 8a	Tillitsvalte og tilsette	25	
Banken gir datautstyr til skulane	12	Note 8b	Ekstern revisjon	26	
Banken si julegåve 2004	13	Note 9	Pensjonsforpliktingar	26	
Resultatrekneskap	14	Note 10	Finansiell risikokommentar	27	
Balanse	16	Note 11	Likviditetsrisiko	27	
Note 1	Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank	18	Note 12	Finansielle derivater – SparX og BMB	28
Note 2a	Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis	18	Note 13a	Opplysningar om grunnlaget for utrekning av betalbare skattar	29
Note 2b	Dotterselskap	20	Note 13b	Utsett skatt	29
Note 2c	Tilknyttta selskap	20	Note 14a	Eigenkapitalrørsle	30
Note 3a	Risikoklassifisering av utlånsporteføljen	21	Note 14b	Kapitaldekning	30
Note 3b	Prinsipp for vurdering av engasjement	22	Note 14c	Kontantstraumanalyse	31
Note 3c	Tap på utlån	23	Årsmelding frå kontrollkomiteen	32	
Note 3d	Utlån fordelt etter næring og geografi	23	Revisjonsberetning	33	
Note 3e	Overtatte eigedomar	23	Tillitsvalte	34	
			Visjon og Hovudmål	35	

Eit viktig år for banken



Foto: Tomas Carlstrøm

Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

I 2004 har me dokumentert at det gode resultatet frå 2003 ikkje var eit «eingongstilfelle». SpareBank 1 Hallingdal har levert eit veldig godt resultat til trass for låg utlånsvekst (ynskt) og svakare rentemargin. Årets resultat forsterkar banken sin posisjon som den leiande banken i Hallingdal, og resultatet tryggjar SpareBank 1 Hallingdal si framtid som sjølvstendig bank.

Me har i fleire år investert i meir personalressursar, kompetanseheving for alle, auka produktbreidde, betre arbeidsmiljø, framtidretta kontor, ny organisasjonsstruktur, ++. Det har ført til at kostnadsveksten har vore noko større enn inntektsveksten. Dette er investeringar som me har begynt å sjå effekten av, men det tek tid før me får full effekt. Eg vurderer det slik at SpareBank 1 Hallingdal har eit potensiale til å levere endå betre resultat enn dei me har levert i 2003 og 2004.

I vår nye organisasjon har me lagt til rette for ein meir systematisk oppfølging av kundane våre. Gjennom målfastsetting, trening, tilbakemelding og evaluering skal me bli betre til å fange opp den einskilde kunde sitt behov for informasjon, tilbud, m.m. I denne prosessen er det viktig med tilbakemeldingar frå kundane våre – positive eller negative tilbakemeldingar er like viktige.

Den positive utviklinga i Hallingdal fortset inn i 2005. Investeringane i Hallingdal er i hovudsak knytt til fast eigedom (hytter, leilegheiter, servicebygg, bustader, m.m.) Prosjekta begynner etterkvart å bli relativt store målt i kroner samanlikna med nokre år tilbake. Investeringsveksten i Hallingdal har vore større enn veksten i dei lokale sparebankane. Det gir bankane utfordringar mht. engasjementstorleik og moglegheit til å levere ei lokal finansieringsløyning. SpareBank 1 Hallingdal har gjennom sin soliditet og normalt gode resultat fortsatt finansielle musklar til å bidra til at veksten i lokalsamfunnet fortset. Det er ei spennande og viktig oppgåve for banken.

Eit anna spennande og viktig tema er pensjonane til den einskilde av dykk. Media har i den siste tid hatt ein rekkje reportasjar og artiklar om tenestepensjon og folketrygda. Næringslivet, fagrørsla og politikarane er også på banen for å diskutere kva som er best for bedriftene og arbeidstakarane. I mai skal Stortinget behandle pensjonsmeldinga. Det er viktig å synleggjera at SpareBank 1 Hallingdal også er ein naturleg samarbeidspartnar når det gjeld pensjonsløyningar. Banken har i fleire år investert i kompetanse på dette området, og me har ambisjon om å vere bedriftene sin pensjonsleverandør i Hallingdal og i Valdres. Me ynskjer at kundar som allereie brukar oss som sitt banksamband, også tek kontakt med oss når pensjon blir eit tema for dei.

SpareBank 1 Hallingdal legg i 2005 opp til sterkare styring av risiko iht. pålagte krav. Dette fører til at banken reduserer risikoen på einskilde områder. Dette gjeld fyrst og fremst områder som ligg utanfor kjerneverksemda. Lågare risiko fører normalt til lågare avkastning. Med bakgrunn i dette forventar me eit noko svakare resultat i 2005 samanlikna med 2003 og 2004. 2004 vil forhåpentlegvis ikkje bli ståande lenge som banken sitt beste resultatår målt i kroner. 2005 blir uansett eit merkeår for banken ved at me opnar nytt kontor i Fagernes i løpet av september. I Valdres blir banken ein utfordrar til dei store nasjonale finanskonserna, men det gjev oss også mange spennande moglegheiter.

Eg håper 2005 skal gje kundane våre og banken mange positive opplevingar.

Banken som økonomisk bidragsyter

*For rekneskapsåret 2004 vil SpareBank 1 Hallingdal betale ca 16 millionar kroner i skatt.
Med dette er banken ein av dei største skatteytarane i Hallingdal.
I tillegg kjem 3.4 millionar i arbeidsgjevaravgift.*

Dei siste 5 åra har banken betalt 68 millionar kroner i skatt.



Bilde frå banken si samling på Beitostølen sist haust

*Banken har i 2004 hatt 72 tilsette som tilsaman har
betalt nesten 8 millionar kroner i skatt.*

Styret si årsmelding for 2004

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal har levert eit svært godt resultat i 2004. Resultatet vart ca 3 millionar kroner betre enn venta. Resultatet – målt i kroner – er det beste i banken si historie. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, og dei vidare kommentarane omhandlar difor morselskapet. Det er knytt nokre kommentarar til dotterselskapa sine resultat avslutningsvis.

Norsk og internasjonal økonomi

I 2004 fekk me den sterkaste økonomiske veksten i verda på over 30 år. Veksten steig markant hausten 2003 og held fram inn i første halvår 2004. I andre halvår fall den noko, men vart samla likevel svært høg. Det er USA som medverkar mest til veksten, men denne gongen har også landa i Sørøst-Asia, først og fremst Kina, vore sterke bidragsytarar. Finansmarknaden vart i mindre grad enn dei føregåande åra påverka av internasjonale kriser. Me fekk ei kraftig stigning i oljeprisane i andre halvår. Inflasjonen har begynt å kome opp i enkelte land.

I USA steig veksten i BNP frå 3,1% i 2003 til 4,25% i 2004 (anslag). Veksten er venta å avta noko i 2005. Det er først og fremst det private forbruket som har trekt veksten opp i USA. Ein høg oljepris, ein gradvis auke i rentene samtidig som det er slutt på skatteinsentiva, gjer sitt til at forbruket vil bli dempa framover. Med ei gradvis betring i arbeidsmarknaden, er det lite som tyder på at forbruket skal stoppe heilt opp. Ved utgangen av året låg talet på arbeidsledige på 5,4% mot 5,7% ved inngangen av året. Industrien har også blitt stimulert av det låge rentenivået, og investeringstakten har teke seg opp. Sentralbanken har sidan juni 2004 heva signalrenta fem gonger med 0,25 prosentpoeng kvar gong og låg ved årsskiftet på 2,25%.

Aktiviteten i Japan har teke seg noko opp det siste året, men er venta svakare i 2005. Fleire andre land i Sørøst-Asia har vore med å trekke i gang veksten på verdsbasis. Av desse landa er Kina det viktigaste. Kina hadde i 2004 ein omtrentleg vekst på ca 9%. Veksten har kome som følgje av sterk auke i investeringane. Dette har igjen si årsak blant anna i at mange bedrifter i vesten har lagt sin produksjon

hit for å kunne vere konkurransedyktige på pris. Det har vore fokusert på faren for «overoppvarming» i Kina, men regjeringa har sett i verk tiltak for å unngå dette.

I Euro-sona vart veksten betre enn venta gjennom første halvår, men høgare oljeprisar og sterk euro dempa eksporten i andre halvår. Ein rigid arbeidsmarknad får delar av skulda for at talet på arbeidsledige ikkje er vesentleg redusert i 2004 og låg ved utgangen av året på 8,8%. Difor har heller ikkje det private forbruket vist nokon klar betring. Ei svakare internasjonal utvikling og eit framleis lågt privat forbruk gjer at det ikkje er venta ein betra vekst i 2005. Den europeiske sentralbanken har helde signalrenta uendra på 2,0% gjennom heile 2004.

I Norge har veksten kome markant opp det siste året. Me har hatt ein oppgang i det private forbruket først og fremst på bakgrunn av dei låge rentene, som i sin tur har ført til stigande bustadprisar. Samstundes har me hatt ein sterk auke i oljeinvesteringane. Talet på arbeidsledige har, på same måte som i USA, hengt noko etter den økonomiske veksten, men ser no ut til å vere i betring. Me fekk eit lite oppsving på desembertala, men frå august til november fall talet på registrerte ledige frå 4,1% til 3,5%. Inflasjonen låg i området –0,1% til 0,3% gjennom første halvåret i 2004. I september begynte tala å stige noko, og novembertala for kjerneinflasjonen kom opp på 1,0% og synast å stadfeste at inflasjonen er på veg opp.

Renteutviklinga i 2004 har vore rolegare etter det markerte rentefallet i 2003. Norges Bank sette ned renta to gonger frå 2,25% til 1,75% i 1. kvartal, og har etter dette ikkje gjort endringar. Med tiltakande aktivitet i økonomien ser

Norges Bank behovet for etter kvart å justere signalrenta, sjølv om inflasjonen framleis ligg på eit lågt nivå. Norges Bank har vidare gitt uttrykk for at dei ønskjer å vente med å sette opp rentene til dei kjem opp i Europa (Euro-sona), men marknaden forventar ein renteoppgang i 2005 på 0,75 prosentpoeng.

Det har vore mindre endringar i kronekursen mot euroen i 2004, men dollaren har helde fram med å svekke seg mot dei andre hovudvalutaene og den norske krona er dermed sterkare mot dollaren. Aksjemarknaden internasjonalt har utvikla seg relativt flatt det siste halve året, men den høge oljeprisen har fått den norske aksjemarknaden til å stige markert.

SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen er eit nordisk bank- og produkt-samarbeid der SpareBank 1-bankane i Noreg samarbeider gjennom det felleseigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. SpareBank 1-alliansen si overordna målsetting er å sikre den enkelte bank sitt sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurranseevne, lønsemd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig alternativ på nasjonalt og nordisk nivå.

SpareBank 1 Hallingdal si deltaking i SpareBank 1 alliansen blir teke i vare gjennom eigarskapet i Samarbeidende Sparebanker AS, som på si side eig 15,46% av SpareBank 1 Gruppen AS. Mellom eigarbankane i Samarbeidende Sparebanker er det utvikla eit svært godt samarbeidsklima. Bankane nyt godt av arbeidsdeling, kompetanseoverføring og felles prosjekt på stadig fleire område. Samtidig har SpareBank 1 Gruppen administrativt ansvar for banksamarbeidsprosessane i SpareBank 1-alliansen, der IT-drift, forvaltning og utvikling, merkevare, kompetansebygging, felles prosessar/utnytting av beste praksis og innkjøp står sentralt. Alliansen har også etablert to kompetansesentra, for Betalingsområdet (i Trondheim) og Kreditt (i Stavanger).


Resultatutviklinga i SpareBank 1 Gruppen dei siste åra viser at ambisjonane om ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning innan utgangen av 2004 er oppnådd. SpareBank 1 Gruppen leverer i 2004 betre resultat på alle område, og resultata av den snuoperasjonen som vart sett i gang i 2002 er svært tilfredsstillande. Det gjennomførte effektiviseringsprogrammet gav i 2004 kostnadsreduksjon på 242,6 millionar kroner i høve til utgangspunktet hausten 2002.

Banken si resultatutvikling

Reduksjonen i netto rente og provisjonsinntekter vart 1,9% mot ein auke på 7,2% i 2003. Innskotsveksten har vore høgare enn utlånsveksten i året. Fallet i banken si innlånsrente er mindre enn fallet i banken si innskots- og utlånsrente. Dette er hovudårsaka til fallet i netto rente- og provisjonsinntekter. Sterkare utlånsvekst kunne ha

kompensert for dette fallet, men banken har i same periode hatt ein bevisst moderat utlånsvekst. Som følgje av dette har rentenettoen felle med 0,39 prosentpoeng, frå 3,05% i 2003 til 2,68% i 2004.

Rentenetto




Banken sine provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester auka med 6,2% i 2004. Desse inntektene er i stor grad basert på provisjon av eksisterande volum innafor spareprodukt, forsikring og formidling av valutalån. Som forventa er inntektsveksten avtakande med eit høgare inntektsnivå, men biletet er meir nyansert enn endringa nemnd framom. Tidlegare års sterke vekst på sal av forsikringsprodukt er ført vidare i 2004. Inntektene frå forsikringsområdet auka med 22,8% samanlikna med 2003. Ei sterk krone og lågt rentenivå gjennom 2004 har medført at volumet på lånegarantiar i samband med valutalån er redusert med ca 9%, men reduksjonen har vore mindre enn venta.

SpareBank 1 Hallingdal er nøgd med salet av sine spareprodukt. Mykje innløyning av fond gav negativt nettosal. Kursutviklinga på våre fond – Odin- var svært god. Den store innløyninga har bl.a. samanheng med gevinstsikring.

Renteutviklinga har vore rolegare etter det markerte fallet i 2003. Avkastninga på aktiv forvaltning har vore god og enda på 8,6% for året. Sidan urealiserte gevinstar ikkje blir inntektsført, viser rekneskapan ein lågare verdiutvikling, men inntektene frå verdipapirporteføljen gir eit solid bidrag til banken sitt resultat. Betinginga av resultatet frå 2003 på netto gevinst/tap verdipapir er kr 1,5 mill.

Rentemargin



Andre driftsinntekter steig med 30,3% samanlikna med 2003. Auken skuldast i hovudsak gevinst ved overføring av bankbygget i Hemsedal til eit nyoppretta dotterselskap, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS.


Talet på årsverk auka med 2,2 i 2004. Den grunnleggjande lønsveksten var 4,2% samanlikna med år 2003. I tillegg kjem kostnader knytt til stillingsendringar slik at auken i ordinær løn er på 4,7%. Sjølv om talet på årsverk har auka ved utgangen av året, har gjennomsnittlege årsverk vore lågare enn i 2003. Samla lønsutgifter har gått ned med 4,9%.

Pensjonsutgiftene har vore lågare i 2004 enn året før. Banken justerte f.o.m. 2003 den kollektive ordninga frå 75% til 70% av årsløna. Det gir lågare framtidige pensjonskostnader samanlikna med tidlegare ordning. Løn og andre personalkostnader utgjorde i 2004 0,84% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Det er ein reduksjon frå 0,96% i 2003.

Administrasjonskostnadene steig med 5,9% samanlikna med 2003. Auken skuldast generell kostnadsvekst på fleire postar, men der driftsutgiftene til Fellesdata aukar mest i kroner.

Avskrivningane er på nivå med 2003. Andre driftskostnader har auka med 9,6%. Halvdelen av denne auken skuldast auka leigekostnader til eige eigedomsselskap. Eigedomsselskapet fullførte oppgradering/ombygging av banken sine lokale i Ål sommaren 2003. Leigekostnadene for lokala er justert i tråd med denne oppgraderinga, men fekk heilårsverknad i 2004.

Samansetning kostnader



Banken sitt tap på utlån er kr 4,7 mill. mot kr 1,6 mill. i 2003. Dette tilsvarar ein tapsprosent på 0,15 av brutto utlån, og er vesentleg lågare enn eit knippe bankar med grunnfondsbevis som i snitt har rapportert ein tapsprosent på 0,25. Både spesifiserte og uspesifiserte tapsavsetningar aukar i året. Tapsavsetningane aukar meir enn brutto utlån. Totale tapsavsetningar utgjør 1,26% av brutto utlån mot 1,19% i 2003. SpareBank 1 Hallingdal er av den oppfatning at nivået på banken sine tapsavsetningar gir eit rett bilete av risikoen i utlånsporteføljen.

Resultatet i år på kr 44 mill. etter skatt er svært godt, og i tråd med banken sitt krav til eigenkapitalavkastning. Det gode resultatet frå 2003 er vidareført i 2004. God kostnadsstyring og auke i andre inntekter meir enn kompenserer for fallet i rente- og provisjonsinntektene.

Banken si balanseutvikling

I 2004 auka forvaltningskapitalen med 10% til kr 3,48 milliardar.

Innskott frå kundane auka med 9,0% i 2004 mot 2,7% i 2003. Innskotsveksten vart betydeleg høgare enn måletalet på 5,0%. Banken har ein liten del innskott med bindingstid og innskott med avtaler om fastrente. Innskott over kr 1 mill. har veldig gode vilkår samanlikna med pengemarknaden.

Banken auka brutto utlån med 7,6% i 2004 mot 13,7% i 2003. Veksten var litt høgare enn måletalet på 7,0%. Med ein litt høgare vekst i banken sine innskot enn utlån, aukar finansieringsgraden kundeinnskott/utlån frå 66,8% til 67,7%.

Den profesjonelle forvaltaren administrerer banken sine verdipapir, med unntak av strategiske eigarpostar. Banken har ikkje tilført verdipapirporteføljen nye midlar i 2004. Fordelinga på aktiva var ved utgangen av 2004 slik: 19,9% i aksjar og 80,1% i obligasjonar. Forvaltar har styrt porteføljen innanfor styret sin rammeinstruks i 2004.

Eigenkapitalavkastninga før skatt i 2004 vart 11,5% mot 12,2% i 2003. I følge kapitaldekningsoppgåva til Kredittilsynet, har banken ein kapitaldekning på 19,04% mot 17,9% ved utgangen av år 2003. Styresmaktene sitt krav er minimum 8,0%.

Overskottsdisponering

Styret foreslår følgjande bruk av årsoverskotet:
 Avsetning til gaver med allmennyttige føremål 100.000 kr.
 Overføring til Sparebanken sitt fond 43.941.000 kr.

Føresetnaden for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2004 er sett opp med dette som grunnlag.


Risikoforhold

Renterisiko og kredittrisiko utgjør størst risiko i samband med banken si drift, men verksemda fører òg med seg ein viss likviditetsrisiko og risiko i samband med kursutviklinga i aksjemarknaden.

Det er i hovudsak banken si beholdning av renteberande verdipapir som er utsett for renterisiko. Banken har gjennom året lege innanfor dei rammer som er definert for rentepapir. Desse rammene er basert på maksimal plassering innanfor ulike sektorar og type rentepapir. Det er også fastsett eit mål om gjennomsnittleg løpetid på 3 år med maksimalt tak på 5 år. Banken har ca kr 162 mill. i utlån på fastrenteavtaler. Inngåtte Swap-avtaler gir liten renterisiko på desse utlåna.


Kredittrisikoen blir overvakagjennom misleghaldsrapportering og klassifisering av utlånsengasjementa med omsyn til økonomi og sikkerheit. Ved årsskiftet er det næringslivsporteføljen som er risikoklassifisert. Banken har teke i bruk nytt kredittverktøy i 2004 og vil i løpet av 2005 klassifisere personmarknadsporføljen. Banken har eit innarbeidd regelverk for kredittvurdering og kreditthandtering basert på sin kredittpolitikk. Denne blir revurdert årleg. Det blir lagt stor vekt på kredittkontroll og oppfølging av tapsutsette engasjement.

Utlån: Fordeling næring/personmarknad



Banken legg vekt på at likviditetsrisikoen skal vera minimal. Finansieringsgraden innskott/utlån har i året auka med 0,9 prosentpoeng til 67,7%. Forfallsstrukturen på innlån er lagt opp med god spreiding i forfalla komande år og gjer at likviditetsrisikoen blir vurdert som liten. Kortsiktige svingingar blir dekkja gjennom etablerte trekkrettar. Banken har også ein vesentleg likviditetsreserve i verdipapirporteføljen som ligg til aktiv forvaltning.

Fundingsituasjon



Plasseringar i aksjemarknaden er i hovudsak innretta mot dei store børsnoterte selskapa, og med ei minimum spreiding. Maksimal ramme er 35% av verdipapirporteføljen. Forvaltninga er som tidlegare nemnd handtert av ein profesjonell forvaltar.

Misleghalds- og tapsutviklinga blir rapportert månadleg. I neste 3 års periode forventar banken at årlege utlånstap vil ligge innanfor kr 6,0 mill. Styret mottek månadleg rapport over banken sin renterisiko. Resultatet av verdipapirverksemda med storleiken på urealisert kursreserve, inngår i den månadlege rapporteringa av drifta som blir handsama i styret. Styret legg vekt på at finansiell risiko knytt til verksemda skal vera moderat.

Intern kontroll

I samsvar med forskrift om intern kontroll, har banken gjennomført internkontroll for samtlige kjerneområde i organisasjonen. Forbettingsområde er identifisert og tiltak er under arbeid. Rapportane frå intern revisor er lagt fram for styret til handsaming.

Tillitsmenn og administrasjon

Ved val i 2004 vart Ragnhild Kvernberg attvald som formann i Forstandarskapet. Godtgjersle til tillitsvalde, revisor og adm. banksjef går fram av notane. Det same gjer lån og garantiar til banken sine tillits- og tenestemenn.

Personalet

Ved utgangen av året var arbeidsstyrken i banken 69 heil- og deltidstilsette, som tilsvarar 61 årsverk.

I SpareBank 1 Hallingdal er 58% av banken sine tilsette kvinner. Kvinneandelen er lågare i leiarstillingar, der 29% av leiarane er kvinner. I året som har gått med omfattande omorganisering, er kvinneandelen i leiande stillingar auka.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Arbeidsmiljø og tryggleik

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal gjennomførte hausten 2004 ei vesentleg omorganisering av bankverksemda. Omorganiseringa var resultat av ein omfattande prosess som har involvert heile organisasjonen. SpareBank 1 Hallingdal har ei etablert bedriftslegeordning. Forureining av det ytre miljøet som følgje av banken si verksemd er minimal.

Framtidsutsikter

Turismen forsterkar sin posisjon som den viktigaste næringa i Hallingdal, og den gir store ringverknader som er vanskeleg å måle i kroner. Hallingdal har gjennom sine attraktive vintersportsstader og eit godt sommartilbod blitt eit ønska reisemål for stadig fleire ferierande. I løpet av 2004 er det investert store beløp i infrastruktur slik som skiheisar og servicetilbod. Dette vil stimulere til ytterlegare vekst. Investeringsnivået i Hallingdal er forventet å vere høgt også i 2005.

Jordbruksnæringa står framleis overfor mange utfordringar. Ein forventar ytterlegare nedgang i driftseiningar i 2005. I Hallingdal står bøndene i Hemsedal fram som mest positive til samdrift, og nye samdrifter er under planlegging. Lokal matproduksjon er og blir ei lita næring, og produksjonen av lokal mat vil ikkje kompensere for nedbygginga i landbruket.

Høg aktivitet i Hallingdal gir auka skatteinntekter til kommunane. Alle kommunane har lagt fram budsjett for 2005 som i stor grad vidarefører tilbodet og aktivitetsnivået frå 2004. Diskusjonen om kommunestruktur har liten påverknad på banken.

SpareBank 1 Hallingdal har styrka sin organisasjon i løpet av 2004 med fleire nye medarbeidarar. Banken har som målsetting å vere ein sentral faktor i utviklinga av lokalsamfunna i Hallingdal. I løpet av 2005 vil banken opne nytt kontor i Fagernes. Fagernes er ein spennande region der SpareBank 1 i dag er nesten fråverande. Banken skal i hovudsak satse mot personmarknaden. Eit etablert samarbeid med LO i regionen gir banken ein spennande innfallsvinkel i eit relativt nytt marknadsområde. SpareBank 1 Hallingdal er med sin soliditet, gode økonomiske resultat og høge marknadsandel i Hallingdal i ein sterk posisjon til å utvikle banken vidare.

Dotterselskap

Hemsedal Regnskap AS viser framleis ei positiv utvikling i oppdragsmengda. Honorarinntektene auka med ca 32% i 2004. Rekneskapskontoret er einaste lokale rekneskapsfirma i Hemsedal med ein viss storleik. Selskapet har eit positivt resultat i 2004, og ei fin resultatforbetring samanlikna med 2003.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS hadde leigeinntekter på ca kr 7,3 mill. i 2004 mot kr 7,1 mill. i 2003. Selskapet har 1 fast tilsett. Eigedomen «Torget 5» er seld med overtaking 01.01.2004. Resultatet for 2004 vart på 1,6 mill. noko som er ei kraftig forbetring i høve til 2003 der ein hadde eit negativt resultat på 2,3 mill. pga. omfattande oppussing av lokala i Ålingen kjøpesenter.

Banken oppretta i desember 2004 eit nytt dotterselskap, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS. Bankbygget i Hemsedal er overført til selskapet. Det nye eigedomsselskapet har ingen fast tilsette og leiger tenester ved behov. Selskapet overtek eksisterande leigeavtalar frå 01.01.2005. I tillegg vil morselskapet teikne leigekontrakt på lokala som ein nyttar til bankdrifta i Hemsedal i dag.

Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette

Styret takkar forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for godt samarbeid i 2004. God oppslutning om banken og solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for år 2005.

Ein syner elles til rekneskapan med notar

Hallingdal, den 31. desember 2004/7. februar 2005

*Torleif Bjella (sign.)
Styreformann*

*Anders Intelhus (sign.)
Nestformann*

Kjell Vidar Berge (sign.)

Kari Beate Lilleaas (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

*Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef*

Banken som sponsor



SpareBank 1 Hallingdal har støtta organisasjonar og lag med meir enn 1 million kroner i 2004

*Faste sponsoravtalar kr 436.500 • Anna sponing kr 252.500 • Marknadstilskot kr 131.000
Annonsestøtte kr 88.300 • Gåveutdelinga kr 100.000 • Tilsaman kr 1.008.300*

Banken som økonomisk samarbeidspartner



Meir enn 1800 personar var innom portane på Torpomoen øvings- og redningspark då SpareBank 1 Hallingdal i samarbeid med ei rekkje gode krefter innan redningsarbeid arrangerte Sikkerhetsdagen 2004. Publikum fekk m.a. sjå slipp av bil frå mobilkran med påfølgjande redning av politi, brannvesen og ambulansepersonell. Ein spennande og tankevekkande dag for både store og små.

Banken gir datautstyr til skulane



Bilder frå Herad skule, Gol

Dei siste 2 åra har banken skifta ut tilsaman 55 datamaskiner. Desse har kome skulane i Gol, Hemsedal og Ål tilgode. Ei avtale med skolekontora gjer at dei «pensjonerte» datamaskinene frå banken lev vidare i skulane. Bra for skulane med dårleg økonomi. Motto: «Den enes død, den andres brød!»

Banken si julegåve 2004



*Dei siste 3 åra har banken gitt ei gåve på kr 50.000 til eit veldedig formål i staden for julekort og julegåve til kundane.
I 2004 gikk denne gåva til ÅL-Basen i samband med feiring av 10 års jubileet.
Gåva skal nyttast til varige velferdstiltak.*

Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2004 Morbank	2004 Konsern	2003 Morbank	2003 Konsern
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		2.527	2.527	1.106	1.106
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		125.558	123.739	178.597	175.084
Renter og likn. innt. av serti., obl. og and. renteb. v.papir	1	9.380	9.380	10.009	10.009
Andre renteinntekter og liknande inntekter		–	–	20	20
Sum renteinntekter og liknande inntekter		137.465	135.646	189.732	186.219
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		6.092	6.093	14.365	14.365
Renter og liknande kostn. på innsk.frå og gjeld til kundar		27.000	26.971	72.483	72.348
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		15.104	15.104	9.765	9.765
Andre rentekostnader og liknande kostnader	5	49	48	2.216	2.216
Sum rentekostnader og liknande kostnader		48.245	48.216	98.829	98.694
NETTO RENTE OG KREDITTPROV.INNT.		89.220	87.430	90.903	87.525
Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning					
Inntekter av aksjar og andre verdipapir med var. avkast.	2a	1.507	1.507	1.437	1.437
Inntekter av eigarinteresser i tilknytte selskap	2c	–	-349	–	-89
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2b	1.709	–	-2.317	–
Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning		3.216	1.158	-880	1.348
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon	5	7.722	7.722	7.814	7.814
Andre gebyr og provisjon inntekter	6	15.294	15.294	13.863	13.863
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		23.016	23.016	21.677	21.677
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		1.978	1.978	2.470	2.470
Netto gevinst/tap av verdipapir					
Netto gev./-tap på sertifikat, obl.og andre rentebærande v.pap.	1	890	889	5.149	5.149
Netto gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		9.644	9.644	3.739	3.901
Netto gev./-tap på valuta og fin. derivater	12	1.083	1.083	1.229	1.229
Sum netto verdiendr. og gev./tap på val./verdipapir		11.617	11.616	10.117	10.279
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	358	997	446	1.839
Andre driftsinntekter		3.351	8.279	2.400	4.581
Sum andre driftsinntekter		3.709	9.276	2.846	6.420
Løn og generelle adm.kostnader					
Løn mv.					
Løn	8a	21.004	23.150	22.090	23.837
Pensjonar	9	2.751	2.966	2.854	3.046
Sosiale kostnader		4.020	4.035	3.554	3.554
Administrasjonskostnader		19.272	19.272	18.194	18.194
Sum løn og generelle administrasjonskostnader		47.047	49.423	46.692	48.631

	Note	2004 Morbank	2004 Konsern	2003 Morbank	2003 Konsern
Avskrivningar driftsmiddel					
Ordinære avskrivninger	4	1.593	4.411	1.545	4.129
Andre driftskostnader					
Driftskostnader fast eiendom		153	924	222	4.300
Andre driftskostnader	7	15.265	8.968	13.840	8.569
Sum andre driftskostnader		15.418	9.892	14.062	12.869
Tap på utlån og garantier					
Tap på utlån		4.729	4.729	1.476	1.476
Tap på garantier m.v.		–	–	101	101
Sum tap på utlån, garantier m.v.	3	4.729	4.729	1.577	1.577
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapirer som er anleggsmidler					
Nedskrivning/reversering av nedskrivning	2a	–	–	16	16
Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.		–	–	16	16
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		60.013	62.063	58.301	57.557
Skatt på ordinært resultat	13	15.972	16.775	17.745	16.879
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT		44.041	45.288	40.556	40.678
RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET		44.041	45.288	40.556	40.678
Oppskrivning, overf. frå EK. og disp. av res. for regnsk.året					
Overført til sparebankens fond	14	43.941		40.506	
Gåver		100		50	
SUM DISPONERT		44.041		40.556	

Balanse per 31. desember 2004

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2004 Morbank	2004 Konsern	2003 Morbank	2003 Konsern
Kontantar og fordringar på sentralbankar		55.323	55.323	41.065	41.065
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar					
Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el.opps.frist		71.889	71.889	3.265	3.265
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		71.889	71.889	3.265	3.265
Utlån til og fordringar på kundar					
Kasse/drifts og brukskredittar		190.427	190.426	128.204	128.156
Byggjelån		51.432	50.864	94.732	94.732
Nedbetalingslån		2.856.133	2.785.762	2.657.243	2.577.388
Sum utlån før spesifiserte og uspes. tapsavs.		3.097.992	3.027.052	2.880.179	2.800.276
- Spesifiserte tapsavsetningar	3	12.687	12.687	10.843	10.843
- Uspesifiserte tapsavsetningar	3	26.395	26.395	23.399	23.399
Sum netto utlån og fordringar på kundar		3.058.910	2.987.970	2.845.937	2.766.034
Overtatte eigedelar	3e	3.998	3.998	4.653	4.653
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		132.739	132.739	113.104	113.104
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		47.302	47.302	43.950	43.950
Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir	1	180.041	180.041	157.054	157.054
Aksjar og andre verdipapir m/var.avkastning					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2a	70.333	70.333	70.638	70.638
Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning		70.333	70.333	70.638	70.638
Eigarinteresser i tilknytta selskap	2c	–	2.367	–	2.716
Eigarinteresser i konsernselskap	2b	773	–	183	–
Immaterielle eigedelar					
Goodwill		–	7	–	12
Utsett skattefordel	13	971	1.696	1.172	2.670
Sum immaterielle eigedeler		971	1.703	1.172	2.682
Varige driftsmiddel					
Maskinar, inventar og transportmidlar		3.041	9.232	2.806	9.722
Bygningar og andre faste eigedomar		1.826	60.420	4.973	63.413
Sum varige driftsmiddel	4	4.867	69.652	7.779	73.135
Andre eigedelar					
Finansielle derivater	12	362	362	400	400
Andre eigedelar		2.333	3.447	7.826	8.610
Sum andre eigedelar		2.695	3.809	8.226	9.010
Forskotsbetalingar og opptente inntekter					
Opptente ikkje-bet. innt. og forsk.bet. ikkje-påløpte kostnader		14.724	14.724	14.339	14.339
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9,13	4.880	5.222	4.432	4.638
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		6.217	6.217	1.955	1.956
Sum forskotsbetalingar og opptente inntekter		25.821	26.163	20.726	20.933
SUM EIGEDELAR	10,11	3.475.621	3.473.248	3.160.698	3.151.185

GJELD OG EIGENKAPITAL					
	Note	2004 Morbank	2004 Konsern	2003 Morbank	2003 Konsern
GJELD					
Gjeld til kredittinstitusjonar					
Lån og inns. frå kred.inst. utan avtalt løpetid eller opps.frist		–	–	22.640	22.640
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		200.000	200.000	355.000	355.000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	10,11	200.000	200.000	377.640	377.640
Innskot frå og gjeld til kundar					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		1 773.447	1.771.625	1.659.062	1.653.552
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		323.517	323.517	264.049	264.049
Sum innskot frå og gjeld til kundar	10,11	2.096.964	2.095.142	1.923.111	1.917.601
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir					
Obligasjonsgjeld		606.362	606.362	326.474	326.474
- Eigne ikkje - amortiserte obligasjonar	12	11.904	11.904	11.084	11.084
Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	10,11	594.458	594.458	315.390	315.390
Anna gjeld					
Finansielle derivater	12	1.084	1.084	1.473	1.473
Anna gjeld		23.306	23.560	25.716	23.701
Sum anna gjeld		24.390	24.644	27.189	25.174
Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter		11.062	11.062	13.454	13.616
Avsetningar til forpliktingar og kostnader					
Pensjonsforpliktingar mv.	9,13	6.928	7.209	6.036	6.213
Sum avsetningar til forpliktingar og kostnader		6.928	7.209	6.036	6.213
SUM GJELD		2.933.802	2.932.515	2.662.820	2.655.634
EIGENKAPITAL:					
Bundne fond					
Sparebankens fond	14	541.819	541.819	497.878	497.878
Andre fond		–	-1.086	–	-2.327
Sum opptent eigenkapital		541.819	540.733	497.878	495.551
SUM EIGENKAPITAL		541.819	540.733	497.878	495.551
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	10,11	3.475.621	3.473.248	3.160.698	3.151.185
POSTAR UTANOM BALANSEN					
Betinga forpliktingar					
Garantiar	5	528.483	528.483	550.527	550.527
Andre betinga forpliktingar	1,5	69.700	69.700	54.350	54.350
Eigenkapitalrelaterte derivater	12	11.904	11.904	11.084	11.084
Sum betinga forpliktingar		610.087	610.087	615.961	615.961

Hallingdal, den 31. desember 2004/7. februar 2005

Torleif Bjella (sign.)
Styreformann

Anders Intelhus (sign.)
Nestformann

Kjell Vidar Bergo (sign.)

Kari Beate Lilleaas (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

Knut Oscar Fleten (sign.)
Adm. banksjef

Notar til konsernrekneskapen 2004

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte notar. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

Konsolidering

Konsernrekneskapen som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir.

Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytta.

Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar/ansvarlege lån på 164.388 utgjør avkastninga 5,25%.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklasser:			
Utstedt av det offentlege	0%	132.740	135.244
Utstedt av andre	20%	17.440	17.981
Kredittføretak	20%	29.861	30.456
		180.041	183.681
Ansvarlege lån i finansinstitusjonar		–	–
Porteføljenedskriving		–	–
Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank		180.041	183.681

Rentefølsemd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 4.733 ved 1%-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentefølsemd er 6.900 v/ 1%-poeng renteendring. Gjennomsnittleg restløpetid er på 2,63 år.

Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar

	–
--	---

Sum ansvarleg lånekapital

Note 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsporfølje.

Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljene.

Nedskriving blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsverdi
Yara International	17.340	837	1.383
Royal Carribean Cruise Lines	4.074	897	1.359
Stolt-Nielsen	5.890	665	1.025
Schibsted	2.620	306	451
C. Tybring Gjedde	47.000	141	141
Storebrand	17.315	694	1.013
Ekornes	4.060	555	536
Prosafe	5.617	798	921
Aktiv Kapital	5.589	336	755
Smedvig B	6.450	250	531
Orkla	6.630	1.090	1.319
Norske Skogindustrier	7.160	905	938

Norsk Hydro	4.480	1.664	2.137
Lerøy Seafood Group	20.470	810	749
Tandberg	11.520	685	867
Tandberg Television	19.800	813	1.044
Tomra Systems	23.720	1.003	790
EDB Business Partner	8.960	408	444
Eltek	1.500	89	104
Expert Eilag	5.300	246	306
Fast Search and Transfer	47.800	549	631
Nextgentel	9.000	272	360
Nordic Semiconductor	3.500	135	231
Opticom	2.300	205	145
Telecomputing	8.500	110	78
Visma	6.400	476	490
Aker A	4.000	235	248
Aker Kværnet	4.300	597	692
Fred Olsen Energy	6.010	334	526
Frontline	1.550	376	418
Petroleum Geo-Sevices	800	288	303
Siem Offshore	6.000	144	186
Sinvest	16.500	270	335
Stolt Offshore	8.000	290	314
TGS Nopec	3.940	524	611
DnB NOR	40.260	1.601	2.406
Data Respons	16.700	169	159
Telenor	34.250	1.470	1.884
Statoil	27.380	2.030	2.601
Sum aksjar		23.267	29.431
Aksjefond :			
ABIF Global	91.246	17.632	17.098
Sum aksjefond		17.632	17.098
Porteføljenedskriving		–	–
Sum kortsiktig plassering morbank		40.899	46.529
Anleggsaksjar :			
	Antal aksjar	Bokført verdi	
Aal Skisenter AS	40	50	
Ål Utstillinga AS	2	1	
Gol Sentrum AS	11	5	
Gol Stavkyrkje AS	50	25	
Gol Reisemål AS	30	30	
Samarbeidende Sparebanker AS	28.997	24.997	
Ål Utvikling AS	20	20	
Ringerike/Hadeland Eiendomsmegler AS	74	2.702	
Cyberhemsens AS	34	34	
DBC Hallinginvest	200	1.000	
BBS/Bank-Asept AS	13.040	313	
Teller AS	1	50	
Spama AS	130	11	
Hemsedalsbilene AS	47	72	
Hemsedalsbruket AS	20	100	
Trøim Stadformingsplan AS	4	4	
Norske Opplevelser AS	300	0	
Ål Folkepark	20	20	
Sum anleggsaksjar morbank		29.434	
Sum aksjar og grunnfondsbevis morbank		70.333	

framhald neste side

Aksjar	Bokført verdi
Anleggsaksjar 01.01.	27.550
Tilgang	1.884
Avgang	–
Reklassifisering	–
Nedskrivning/reversering	–
Anleggsaksjar 31.12. morbank	29.434

Note 2b: Dotterselskap

SpareBank 1 Hallingdal er eineaksjonær i SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS og Hemsedal Regnskap AS.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ein fast tilsett. Selskapet leiger ut lokaler til banken på Ål og Gol.

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i 2004. Selskapet har ingen faste tilsette. Selskapet leiger ut lokaler til banken i Hemsedal.

Hemsedal Regnskap AS

Hemsedal Regnskap AS har 8 faste tilsette. Verksemda består av å yte bistand til næringslivet i form av rekneskapsføring og informasjonsteneste. Dagleg leiar er Per Gunnar Markegård.

Følgjande postar i morbanken sin rekneskap er påverka av engasjementet med dotterselskapa:

	SB1 Hallingdal Eigedom AS		Hemsedal Regnskap AS		SB1 Hemsedal Eigedom AS
	2004	2003	2004	2003	2004
Renteinntekter på utlån frå kundar	1.815	3.505	4	8	1
Renteutgifter på innskot frå kundar	26	128	4	7	–
Andre driftsutgifter	6.580	5.637	123	–	–
Andre driftsinntekter fast eigedom			47	41	1.080
Innskot frå kundar	1.023	5.370	380	140	506
Utlån til kundar	66.367	79.855	4	48	4.568
Bokført verdi i morbanken 01.01.	-2.396	-66	183	170	–
Andel av årets resultat	1.625	-2.330	85	13	-1
Innbetaling ved aksjeteikning					506
Bokført verdi i morbanken 31.12.	-771	-2.396	268	183	505
Bokført eigenkap. dotterselskap	-771	-2.396	268	–	505
Årets resultat dotterselskap	1.625	-2.330	85	13	-1
Eigarandel i morbanken	100%	100%	100%	100%	100%

Note 2c: Tilknytt selskap

Banken sitt dotterselskap SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS eigde 33% av Torpomoen Eigedom AS. Selskapet vart stifta i 2003.

Følgjande postar i konsernet sin rekneskap er påverka av engasjement med tilknytt selskap:

	Torpomoen Eigedom AS	
	2004	2003
Bokført verdi i konsern 01.01.	2.716	–
Innbetaling ved aksjeteikning	–	2.805
Andel av årets resultat	-349	-89
Bokført verdi i konsern 31.12.	2.367	2.716
Konsernet sin eigarandel er 33%		
Bokført eigenkap. tilknytt selskap, 100%	7.183	8.229
Årets resultat tilknytt selskap, 100%	-1.046	-270
Samla gjeld	982	726

Note 3a: Risikoklassifisering av utlånsporteføljen

Risikoklassifisering

